



Kulturminneplan for Vågå

0515 - 69/3 Resvoll, Tidlegare hovudhus, to stabbur

Registrert av Håvard Syse

Historisk tradisjon: Usikkert om alder på garden, kan vere frå før svartedauen eller som utskilt del frå Helle ein gong på 1600-talet. Fleire oldtidsfunn.

Kjelder: Nordherad, Raastad. Bygdebok for Vågå og Sel, Teigum.

Merknad: To gamle stabbur og ei gammal stugu

Tilstand: Betydelig tiltaksbehov
Eitt stabbur er taklaust, desse stod tidlegare mot einan. Stugu har original skifertekking og takkonstruksjon. Akershusisk plan, noko omgjort innvendig.

Interne merkander:
Stabbura og det gamle huset er viktige for å oppretthalde ein viss tunstruktur, det blir veldig ope om ein fjernar desse. I staden kan ein prøve å ta vare på dei og sjå dei som ein ekstra ressurs i gardsmiljøet. Stabbura stod tidlegare samanbygd mot einan. Tilbygg til gamlehuset er dårlig tilpassa resten.

